



Møteinnkalling

Utval: Fitjar sokneråd

Møtestad: Fitjar rådhus, kyrkjekontoret

Dato: Torsdag 22. mars 2018

Tid: Kl. 18.30

Forfall må meldast til kyrkjeverje Harald Rydland på e-post eller tlf. 913 47 802.

Peder Rygg Drønen møter som fast vara. Andre varamedlemer møter kun etter særskild innkalling.

Innkallinga er sendt til:

Namn	Funksjon
Sigrid Marie Fangel	Leiar
Gunnvald Aarbø	Nestleiar N.B. Ord for dagen
Helga Olsen Aadland	Medlem
Terje Havro	Medlem
Mette E. Lambach	Medlem
Bodil Nesse	Medlem
Rasmus Fitjar	Medlem
Sindre Aarbø	Medlem
Olav Oma	Sokneprest
Sigurd Andre` Maraas	Kommunal representant
Peder Rygg Drønen	1. varamedlem
Arne Prestbø	2. varamedlem
Solbjørg Larsen Tverderøy	3. varamedlem
Tove Helen Løland Aarskog	4. varamedlem
Åse Rygg H. Nøttveit	5. varamedlem
Fridleif Lydersen	Vara for soknepresten
Agnar Aarskog	Vara for kommunal representant

Fitjar, 17. mars -2018

Sigrid Marie Fangel Harald Rydland

Soknerådsleiar Kyrkjeverje

Sakliste:

Saksnr.	Tittel	Sak for kommunal representant
S-10/18	Årsmelding for 2017	X
S-11/18	Rekneskap for 2017	X
S-12/18	Vedlikehald av kyrkjestova	X
S-13/18	Referat frå sist møte	X
S-14/18	Meldingssaker	X
S-15/18	Open post	X
S-16/18	Kyrkjelydsplan, årshjul m.m.	
S-17/18	Arrangement i kyrkja sin regi	
S-18/18	Arbeidgruppe for historiske fotografi	



Sak 10/18: Årsmelding for 2017

Årsmeldinga for Fitjar sokn er sett opp etter same leisten som me har brukt dei siste åra. Ulike medarbeidarar, både tilsette og frivillige, er inviterte til å levera stoff til årsmeldinga. Stoffet er deretter redigert og sett saman av kyrkjevevja. Årsmeldinga som no er sendt til rådsmedlemene er å sjå på som eit arbeidsdokument. Den vert difor ikkje lagt ut for offentleg innsyn enno. Det treng framleis gjerast noko arbeid med korrekturlesing og redigering. Bilettilfanget må og fornyast. Dei bileta som no er å finna i årsmeldinga er stort sett dei same som i fjor. Når det gjeld kapittelet om økonomi, er det nokre tal i balansen som ikkje stemmer heilt. Dette arbeider kyrkjevevja og økonomiavdleiinga med å finna ut av.

Årsmeldinga er likevel såpass komplett at soknerådet kan seia i frå om utforming og innhald er noko det kan stå inne for. Det er og bra om soknerådet kjem med innspel som kan gjera årsmeldinga enno betre og meir lesarvenleg.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet sluttar seg til årsmeldinga slik den ligg føre.

(Evt. kan soknerådet gjera slikt vedak)

Soknerådet sluttar seg i hovudsak til årsmelding slik den ligg føre, men ber at det vert lagt inn meir informasjon om:

- 1.
- 2.
- 3.

Sak 11/18: Rekneskap for 2017

Kyrkja sitt rekneskap er for 2017 gjort opp med eit overskot på kr. 404.883,-. Inkludert i dette resultatet ligg det overføring av kr. 107.994,- frå fondet for kyrkjelydsprest. I budsjettet var det lagt opp til eit underskot for heile kyrkjerekneskapet på kr. 107.100,-.

I starten av 2017 såg soknerådet og kyrkjevevja helst mørkt på den økonomiske situasjonen. Driftsbudsjettet for året var sett opp så nøkternt som råd utfrå dei stillingane me hadde og dei oppgåvene som låg føre. Likevel måtte det budsjetterast med eit underskot på vel kr. 100.000. Soknerådet har ved fleire høve teke til orde for at kommunen må auka tilskotet til kyrkja dersom kyrkja skal få utført oppgåvene sine på ein god måte og på samme tid ha ein sunn økonomi. Difor sende soknerådet ein omfattande søknad til kommunen om å få auka det årlege tilskotet med kr. 419.000,-. I søknaden vart det teke utgangspunkt i § 15 i kyrkjelova som fortel kva av kyrkja sin utgifter kommunen skal dekkja. Kommunestyret svara i juni på søknaden med å løyva kr. 225.000 ekstra til kyrkja for året 2017.

Gjennom året var det fleire forhold som inntraff som gjorde at den økonomiske situasjonen på kort sikt betra seg. To av dei tilsette i kyrkje sa opp stillingane sine i løpet av året utan at ein fullt ut fekk erstatta desse med vikarar eller nye tilsette. Difor var det ein del av lønsbudsjettet som ikkje vart brukt opp. Vidare vart det samla inn meir kollekt og gåver enn det som var budsjettert. Når i tillegg kommunen si løyving kom, vart resultatet for året langt betre enn budsjettert. Det at me mangla tilsette gjorde at ikkje alle oppgåvene som var planlagde kunne gjennomførast. Når kyrkjestaben igjen er komplett skal ei stabil drift gå i balanse med dei inntektene som er lagt inn i 2018.



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

Når det gjeld balansen, står det no kr. 1.078.463,- i bundne fond. Fordelinga er å finna i note 4 i årsrekneskapet. Disposisjonsfondet er på kr. 131.878,- før overskotet for 2017 vert disponert.

Rekneskapet er ikkje ferdig revidert. Revisor har gått gjennom den delen som gjeld meirvedriavgift, men skal rett etter påske sjå gjennom resten av rekneskapet.

Fleire detaljar om rekneskapet er å finna i rapportane som vil verta gjennomgått på møte.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet tek Fitjar sokn sitt rekneskap for 2017 til vitande, men tek atterhald om endringar som evt. måtte komma som følge av revisor sin gjennomgang. Disponering av årsresultatet vert å komma tilbake til etter at revisjonen er fullstending gjennomført.

Sak 12/18: Vedlikehald av kyrkjestova

Kyrkjeringen, som arbeider for at kyrkjebygget skal vera tenleg og ta seg fint ut, ynskjer å setja i gang eit vedlikehaldsprosjekt i kyrkjestova. Stova er eit greitt lokale som er mykje i bruk, men det har ikkje vorte utført større vedlikehald i stova sidan den var ny for om lag 30 år sidan.

Soknerådsleiaren vil komma med nærare presentasjon av planane frå kyrkjeringen i møte.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet takkar kyrkjeringen for at dei vil ta på seg å oppgradera av kyrkjestova, og sluttar opp om dei planane som ligg føre.

Sak 13/18: Referat frå sist møte

Referatet frå møte den 7. februar 2018 har medlemene fått tilsendt og godkjent tidlegare. Det endelege referatet er å finna på heimesida til Fitjar kyrkje. Denne lenka fører fram til referatet: <https://kyrkja.no/globalassets/fellesrad/fitjar/diverse/motereferat-s1--07022018.pdf>

Framlegg til vedtak:

Soknerådet stadfester referatet frå møte den 7. januar 2018.

Sak 14/18: Meldingssaker

I møtet vil det bli orientert om desse sakene:

1. Framdriftsplan for tilsetjing i ledige stillingar
2. Informasjon om trusopplæring
3. Møteplan for soknerådet 1. halvår 2018
4. Orientering om drifta av kyrkjebygget og gravplassen
5. Vårdugnad på kyrkjegarden

Framlegg til vedtak:

Soknerådet tek meldingane til orientering



Sak 15/18: Open post

Sak 16/18: Kyrkjelydsplan, årshjul, m.m.

På førre møte tok soknerådsleiaren opp til drøfting behov og nytte av å ha ein plan og eit årshjul for arbeidet i kyrkjelyden. På bakgrunn av denne drøftinga er det no laga eit utkast til korleis ein plan kan sjå ut. Soknerådsleiaren vil på møte orientera om planen og invitera rådsmedlemene til å vera med å fylla den med innhald.

Framlegg til vedtak:

Det vert ikkje lagt fram tilråding til vedtak i saka.

Sak 17/18: Arrangement i kyrkja sin regi

Framover er det fleire arrangement i kyrkja og soknerådet sin regi som skal gjennomførast. Her kan me nemne, påskegudstenester, trusopplæringstiltak, kyrkjelydstur, konfirmantfest m.m. Det er bra om soknerådet går gjennom status for planlegging og gjennomføring av arrangementa. Det kan og vera greitt om soknerådet tek ein kort gjennomgang av nokre av dei arrangementa som har funne stad sidan sist møte, slik som kyrkjelydstur, konfirmanttur, Lys Vaken m.m.

Framlegg til vedtak:

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka.

Sak 18/18: Arbeidsgruppe for innsamling av historiske fotografi

På sist soknerådsmøte vart det under open post teke opp spørsmål om det kunne vera på sin plass å få samla ein del historiske fotografi av det som har skjedd i Fitjar kyrkjelyd gjennom tidene.

Soknerådet meinte dette var ein god ide. Rasmus Fitjar har no fått positiv tilbakemelding frå fleire som kan tenkja seg å vera med i ei arbeidsgruppe for dette prosjektet.

Om det skal etablerast eit fotogalleri, eller korleis materiellet skal oppbevarst vert å komma tilbake til.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet oppnemner desse til å vera med i ei arbeidsgruppe som skal samla inn historiske fotografi frå det som har skjedd i Fitjar kyrkjelyd gjennom tidene:

- Per Drønen (kontaktperson)
- Harald Westerheim
- Per Johan Vestbøstad

Soknerådet vil ynskja lukke til med arbeidet.